

Kultur for alle

Handlingsplan 2019 Regional plan for kultur

Tverrgående satsingar

| Felles tiltak, gjennomgåande perspektiv | |
|--|--|
| Satsing | Tiltak 2019 |
| Kultur for alle, felles satsingar | |
| Handlingsprogram 2020 skal innehalde tiltak som forpliktar partnerskapen. | Implementere handlingsprogram hos partnerskapen i løpet av 2019 <ul style="list-style-type: none"> - Medverknadsprosess - Felles satsingar i 2020 |
| Utarbeide felles retningslinjer/rutinar for fylkeskommunal støtte til frivillige organisasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane | Klargjere søkjeprosess for 2020 – elektronisk søknadsskjema/søknadsfrist m.m. Sende ut informasjon om ny søknadsfrist og søknadsprosedyre om driftstilskot i 2020 Arbeide med søknader om driftstilskot til budsjett 2020 Få på plass tilskotsordningar/ retningslinjer som skal gjelde for ny Vestland fylkeskommune Utarbeide økonomiske rammer for prosjekttilskot 2020 |
| Nynorsk er eit berande element i vestlandskulturen. Vi ynskjer å styrkje dette ved å: | Støtte opp om arbeidet med å realisere «Nynorskhuset» i Førde gjennom ekstraløyving til planarbeid i 2019. Halde fram med å vere ei drivande kraft i forumet «Nynorskfylket», og vidareføre dette inn i Vestland fylkeskommune. Førebu overgang til ny fylkeskommune i 2019. Gjennomføre tiltak som aukar lesedugleiken til barn og unge, og særleg gitar Stimulere til produksjon og formidling av nynorsk litteratur Arbeide for å få ein felles språkbruksplan i Vestland fylkeskommune |
| Styrkje kultursatsinga i planarbeidet i fylkeskommunen og kommunane | Delta i regionale planforum Ta opp som tema på regionale samlingar |
| Nettverk og møteplassar på tvers | |
| Etablere systematisk samarbeid mellom regionale frivillige og offentlege aktørar, kommunane, fylkeskommunen og institusjonane om utvikling av tilbod som | Årlege dialogmøter m. kommunane, frivillig sektor, organisasjonane/institusjonane |

| | |
|---|--|
| sikrar at alle på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn kan delta | Oppretthalde og styrke regionale møteplassar og nettverk for kultur gjennom kommunale kulturnettverk. Fylkeskommunen deltek ved invitasjon |
| Gjennomføre årlege dialogmøte og samhandlingstiltak mellom kommunane, frivillig sektor/organisasjonane, institusjonar | Dialogmøte med aktørane som har utviklingsavtale |
| Gjennomføre årleg kulturkonferanse med aktuelle kulturpolitiske tema som ein arena for å byggje kompetanse | Arrangere Kulturkonferanse saman med Hordland Arrangere Anleggskonferanse saman med Hordaland |
| Opplivingsnæringar | |
| Ta initiativ til å få til eit apparat for utvikling av kulturnæringar i fylket | Støtte opp om tiltak for lokalisasjon av filminnspeling i fylket |
| Digitalt reiseliv | Det vert utvikla løysingar som gir kulturturistar digital tilgang til store delar av kultur og kulturarv i vår region. Utvikle samarbeid med destinasjonsselskapa |
| | Dagsturhyttene Utvikle tekniske løysingar for å formidle informasjon om og tenester knytt til dagsturhyttene. Undersøke om løysingane kan brukast på andre område. Ta i bruk ut.no aktivt for å informere om dagsturhyttene. Kople desse til kulturhistorisk innhald og våre eigne informasjonskanalar. |
| Tiltak som gjer kulturaktivitetar tilgjengelege som komponentar i reiselivsproduktet, både for eiga lønsemd, og for å heve kvaliteten i reiselivsproduktet | Vidareføre arbeidet med Kystpilegrimsleia og arbeide for etablering av regionale pilegrimsenter langs Vestlandskysten |
| Digital kulturformidling | |
| Heve digital kunnskap og formidlingskompetanse gjennom kurs/samlingar | Arbeide med medvit rundt tilgang, rettar, opphavsrett. Bruke regionale arenaer som opplæring av born og unge, t.d. i UKM. |
| Synleggjere kunst, kultur og kulturarv frå fylket gjennom digitale kanalar nasjonalt og regionalt. | Kulturbloggen er ein digital debattarena på sfj.no for kulturaktørar i heile fylket. Kunst, kultur og kulturarv frå fylket må synleggjerast på nett, også på nynorsk, gjennom nasjonale og regionale kanalar. Relevante kulturdata vert kartfesta i fylkesatlas. - Huset i bygda - Kulturminne |
| | Forfattarar frå Sogn og Fjordane |
| Vidareutvikle og vidareføre digitale kulturhistoriske prosjekt og satsingar i det nye fylket (fylkesarkivets arkivmateriale, «Skulen min», Forfattarar frå Sogn og Fjordane m.m.) Vurdere digital kulturkalender for fylket | Jobbe med både nasjonal og regional digital infrastruktur for at så mykje som mogeleg av kulturdata og digital kultur er verna for ettertida og er tilgjengeleg for så mange som mogeleg. Arbeide for at den skulehistoriske portalen «Skulen min» vert vidareutvikla og vidareført i Vestland fylkeskommune. |

| | |
|--|--|
| | Vurdere ein felles digital kulturkalender for lokale og regionale kulturaktørar i Vestland. |
| | Følgje opp fylkesarkivet sitt prosjekt for semantisk web, og korleis dette påverkar andre formidlingsløysingar og -prosjekt. |
| | Samarbeide med fylkesarkivet om å få på plass ei løysing for vising av digitale dokument som kan samkøyrast med andre fellesløysingar, som til dømes Digitalarkivet. |

Kulturell infrastruktur

| Satsing | Tiltak 2019 |
|--|---|
| Frivillig sektor | |
| Styrke frivillig sektor sin plass i kommunal og regional planlegging | Få på plass frivilligplattform i fylkeskommunen |
| | Initiere frivilligplattform i kommunane |
| | Delta i regionale planfora |
| | Tema på regionale samlingar |
| Arbeide for gode og føreseielege rammevilkår for frivillig sektor | Arbeide for forenkla søknads- og rapporteringsrutinar for offentlege tilskot til frivillig sektor |
| | Arbeide for å styrke mva-kompensasjon for driftsutgifter for frivillig sektor |
| | Vidareføre og utvikle arbeidet med utviklingsavtalar med frivillig sektor som eit regionalt utviklingsverktøy |
| | Utarbeide felles retningslinjer/rutinar for fylkeskommunal støtte til frivillige organisasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane |
| Kulturhus | |
| Arbeide for at større del av spelemiddeloverskotet går til å ruste opp, modernisere og utvikle kulturbygg. | Arbeide for å betre statlege støtteordningar til kulturbygg. |
| Utvikle kulturhus og kulturbygg som gode møteplassar som er tilrettelagde for all slags kulturaktivitet. | Ha fokus på drift og utvikling ved tilskotshandsaming. |
| | Alle opne kulturhus skal vere universelt utforma. |
| | Syte for god infrastruktur i husa der øvingsrom og samlingsrom er lagt til rette for relevant bruk, m.a. med omsyn til akustikk og dimensjonering for bruk. |
| Vidareføre «Huset i bygda» sine tiltak for kartlegging og kompetanseheving av lokale kulturbygg. | Kommunane kartlegg og registrerer kulturhus og kulturbygg i kommunen |
| | Kulturhus og kulturbygg skal kartfestast i fylkesatlas |

| Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv | |
|---|---|
| Redusere sosial ulikskap og økonomiske barrierar for deltaking i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. | Halde fram med gratis skikort for alle 4.klassingar Kartlegge leigeprisar på kommunale idrettshallar og symjebasseng. |
| Felles krafttak for å auke kvardagsaktiviteten. | Kartlegge behov for ei stønadsordning som rettar seg mot aktivitetstiltak for eldre, med fokus på fysisk aktivitet |
| Arbeide for å ta meir omsyn til klima og miljø i planlegging og bygging av anlegg for fysisk aktivitet | Vidareutvikle gummigranulatprosjektet |
| | Ta initiativ i frivillig sektor for å drøfte tiltak for å redusere behovet for å kjøre privatbilar til og frå aktivitetar |
| | Prioritere spelemiddelsøknader med ein tydeleg plan for å redusere avtrykket på klima og miljø |
| Opprette friluftsråd i fylket | Vurdere etablering av skjergardsteneste |
| | Vidare føre satsinga i 2019 - Alle kommunar skal vere medlem av eit friluftsråd - Fylkeskommunen skal oppretthalde etableringstilskot og driftstilskot til friluftsråda |
| Utvikle og formidle metodikken til «Teikn ditt skuleområde», motivere til at dette vert gjennomført på barneskular | Vidareføre ordninga til kommunane i fylket. Innføre tiltaket i Vestland fylke. |
| Vidareføre Forum for fysisk aktivitet som regionalt samarbeidsforum med deltakarar frå kommunane, regionale samarbeidsorganisasjonar, Høgskulen på Vestlandet, fylkeskommunen | Halde 2 møter i 2019, vår og haust |
| Sikre rammevilkåra til idretten | Vidareføre utviklingsavtalane |
| | Etablere og utarbeide retningslinjer for tilskotsordning for nasjonale og internasjonale arrangement |
| | Evaluerer ordninga med driftstilskot til ski-anlegg som fyller regional funksjon, og vurdere å innføre søknadsbasert tilskotsordning for drift av anlegg elles |
| Stimulere antidopingarbeid, spesielt med vekt på haldnings-skapande arbeid i dei vidaregåande skulane | Vurdere å etablere avtale mellom Antidoping Norge og fylkeskommunen |
| <i>Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, vedlegg nr 2, Anleggsutvikling</i> vert vidareført med prioriteringar | Vert gjennomført under spelemiddelhandsaming 2019 |
| Utarbeide ny anleggs- og tildelingspolitikk for Vestland fylkeskommune gjeldande frå 2020 | Ny anleggspolitikk vert vedteke i fellesnemnda 23.05.19 |
| Etablere idretts- og aktivitetsparker der ein samlar fleire idrettar på same stad | Rådgi lag og organisasjonar til ei heilskapleg tenking i etablering av nye idrettsanlegg |
| Auke kunnskap om etablering og drift av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og | Styrke idrettsråda i kommunane gjennom prosjektet «Ein god idrettskommune». |

| | |
|--|---|
| friluftsliv gjennom konferansar, kurs, møte. | Marknadsføre og gje råd om ordninga til Miljødirektoratet, statleg tilskot til friluftsføremål. |
| | Anleggskonferanse Kommunal samling for rådgjevarar og planleggarar i kommunane Spelemiddelkurs Revisjonsmøter |
| Ryddde anleggsregisteret og avklare status for alle anlegg. Fylkeskommunen og kommunane gjennomfører synfaring på anlegg som har fått tildelt midlar for å undersøke om desse tilfredsstillir minimumskrava for drift. | 2 tema vert rydda i 2019 |
| | 2 synfaringar vert gjennomført etter utvald anleggstype |
| Auke tilgang til friluftsliv i nærmiljøet og friluftsliv generelt | Godkjende søknader til friluftslivanlegg vert tildelt midlar i løpet av to første godkjente søknadsår |
| | Meir skilting frå fylkesveg og riksveg til friluftslivområde og turstiar. |
| | Sluttføre dagsturhytte-etablering i kommunane, gjere kjent tilbodet og stimulere til bruk gjennom «Dagsturhytte – marsjen» 1.søndag i juni 2019 |
| Halde fram satsinga på statleg sikra friluftsområde i fylket | Etablering av (nye) område i kommunane |
| | Arrangere årleg møte med kommunane med informasjon og kunnskapsdeling |
| | Følgje opp prosjektet kartlegging og verdsetjing av friområde |
| | Vurdere etablering av skjærgardsteneste |
| Bibliotek | |
| Initiere og vidareføre samarbeid og tiltak som gjeld formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge | Arrangere Barnelitterære fagdagar og IBBY |
| | Koordinere og følgje opp Digital sommarles |
| | Gjennomføre turnear til dagsturhyttene |
| | Arrangere kurs i litteraturformidling til barn |
| | Vidareutvikle lesegleddarsatsinga i samarbeid med Nynorsksenteret, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar |
| Styrkje og synleggjere biblioteket si rolle i lokalsamfunnet gjennom vidareutvikling av dei regionale biblioteksamarbeida, rådgjeving, kompetanseheving og prosjektsamarbeid | Gjennomføre dialogmøte med dei regionale biblioteksamarbeida |
| | Stimulere til utviklingsprosjekt i kommunane |
| | Løfte fram biblioteksaker i offentleg samtale og debatt |
| Heve kompetansen på organisering, drift og utvikling av bibliotek gjennom å tilby leiaropplæring for biblioteksjefar i fylket | Gjennomføre leiarkurs for biblioteksjefar i fylket |
| | Søkje midlar til prosjekt om utvikling av kvalitet og kompetanse i folkebibliotek |
| Vidareutvikle biblioteka som møteplass og arena for formidling, læring og offentleg samtale gjennom eit breitt utval av arrangement, tilrettelegging av biblioteklokala, samlingsutvikling og kompetanseheving | Bidra med rådgjeving ved nybygging/ombygging av bibliotek |
| | Tilby hjelp til samlingsutvikling (besøk i biblioteka, kassering) |
| | Arbeide for meiroopne bibliotek |

| | |
|--|--|
| Vidareføre og styrkje satsinga på digital formidling (elektroniske bøker og tidsskrift, regionale og nasjonale digitale ressursar) | Vidareutvikle nettstaden Forfattarar frå Sogn og Fjordane (i samarbeid med Nordland fylkeskommune) |
| | Synleggjere Lokalhistoriske artiklar Sogn og Fjordane, markere 20-årsjubileum |
| | Få til fleire avtalar om digitalisering av lokalhistoriske tidsskrift |
| | Avklare vidare drift av elektroniske ressursar/ordningar (e-BokBib, PressReader) i lag med Hordaland |
| Vidareutvikle biblioteka sine nettsider for å auke tilgangen til biblioteka sine tenester og yte betre service til innbyggjarane | Leie arbeidet med å byggje opp nye biblioteknettsider (Webløft) for utvalde kommunar |
| | Gjennomføre kurs om biblioteka sine nettsider |
| | Tilby individuell rådgiving for å utbetre biblioteka sine nettsider |
| Styrkje biblioteka i grunnskulen og vidaregåande opplæring gjennom kartlegging, planarbeid, kompetanseheving, fellestiltak | Arbeide for skulebibliotekplanar i kommunane |
| | Stimulere til at fleire kommunar søker midlar til skulebibliotek frå Utdanningsdirektoratet |
| | Gjennomføre samlingar for bibliotekarar i VGs |
| Styrkje samarbeidet mellom biblioteka og barnehagane | Tilby fagsamlingar for barnehagetilsette i utvalde kommunar |
| | Planleggje formidlingsturar til dagsturhyttene i lag med kommunane |

Kultur og naturarven

| Satsing | Tiltak 2019 |
|---|---|
| Nynorsk | |
| Nynorsk er tema i ulike satsingar gjennom heile handlingsprogrammet. | Nynorsk finn sin naturlege plass i teamarbeidet Språkbruksplan for Vestland fylkeskommune |
| Kulturminne | |
| Nytte lokale kulturminneplanar aktivt i planlegging og som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga | Kompetansemødel for å skape møteplassar og samarbeid mellom musea, kommunane og dei frivillige |
| Ferdigstille arbeidet med oversikt over kulturminne av regional verdi, og lage ein plan for forvaltninga av desse | Ferdigstille arbeidet |
| Ferdigstille arbeidet med å definere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse | Synfaringar til utvalde landskap saman med kommunane, arbeid med tekstar og kart |
| Arbeide for statlege bevaringsprogram for mellomalder-kyrkjene og fyrstasjonar, og for å styrkje det statlege bevaringsprogrammet for verneverdige fartøy | Spele inn behov i samband med høyring av ny Stortingsmelding for kulturminnepolitikken (politisk sak) |
| Arbeide for å etablere eit verdsarvsenter for Urnes stavkyrkje | Deltaking i arbeidsgruppe for verdsarvrådet på Urnes |
| Sikre gode prosessar der nærings- og bustadsprosjekt møter kulturminne | Drøfte arbeidsmåte og kommunikasjon med tiltakshavar på interne møte |

| | |
|---|---|
| Ferdigstille forprosjekt for formidlingsbygg på Tusenårsstaden Gulatinget og søkje medfinansiering frå staten innan 1.3.2019. Mål om realisering i planperioden | Ferdigstilling av forprosjekt og søkje om medfinansiering frå staten. |
| Arbeide for regionale sentre langs Kystpilegrimsleia | Bidra inn i arbeidet med langsiktig pilegrimstrategi. Gje innspel til høyringa (politisk sak) Vidareføre arbeidet med verdiskapingsprosjektet Kystpilegrimsleia. |
| Tilrettelegging og skjøtsel av automatisk freda kulturminne | BARK og BERG-prosjekt (Staveneset, Grønehelleren, Henjahaugane, Kvernsteinsparken) |
| Rullering av restaureringsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden | |
| Museum | |
| Dei ulike museumsavdelingane skal utviklast som inkluderande møteplassar og formidlingsarenaer som appellerer til ulike brukargrupper. Kunstnarsenterfunksjonen v/Sogn og Fjordane kunstmuseum vert avklart. | Ny avtale ml. kunstnarorganisasjonane og MiSF er inngått. |
| Følgje opp vedtaket innan 1.mars 2019 om søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsutbygginga i Movika, «Kløften» | Søknad vert sendt. Sak til fylkestinget i april om Kløften m.m. |
| Fylkesarkivet | |
| Avklare rolle og organisering av fylkesarkivet i det nye fylket | |
| Syte for at fylkesarkivet kan handtere avleveringsbehovet og digitaliseringsbehovet i kommunane | Kartlegge og berekne behovet. Arbeide med å etablere utvida arkivdepot. |
| Arbeide for at den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen vert teken vare på og formidla | Gjennomføre prosjekta <ul style="list-style-type: none"> - «Fotoarkivet etter fotograf Elen Loftesnes» (fotobevaring og –formidling), - «Vestlandet på film: Videoarkivet etter Vest Vision AS» (bevaring av levande film), - «Old Shit, New Wrapping» (formidling av tradisjonsmusikk), - «Då alle var gamle, songane rare, og verda i svart kvitt» (formidling av tradisjonsmusikk), - «Nettartiklar om opphavet til stadnamn» (formidling av lokale stadnamn) |
| Tilby rettleiing og tenester til lokale aktørar som frivillige organisasjonar, kommunar, museum mfl. innanfor fagområda privatarkiv, stadnamn, fotobevaring og tradisjonsmusikk/-dans | Kartlegge kva som finst av denne typen kjeldemateriale (foto, privatarkiv, stadnamn, tradisjonsmusikk/-dans) i Hordaland Utarbeide ein plan for utbygging av eit nytt felles fylkesarkiv for Vestland, slik at det nye fylkesarkivet vil vere i stand til å kunne tilby rettleiing og tenester til lokale aktørar i heile det nye storfylket utan at dette går utover tenestenivået i dagens SFJ |

Kunstproduksjon og formidling

| Satsing | Tiltak 2019 |
|---|--|
| Generelt | |
| Oppretthalde eit variert, profesjonelt kunst og kulturtilbod i fylket. | <p>Tiltak som vert vidareført i 2019</p> <ul style="list-style-type: none"> - Støtnadsordningar til festivalar og arrangørar - Møteplassar og visningsarenaer for kunst og kultur finst i alle delar av fylket - Musea og kunstinstitusjonane tilbyr varierte kunstopplevingar for born og unge - DKS har eit variert tilbod i grunnskule og vidaregåande skule - Vi har eit variert tilbod av festivalar med regionalt nedslagsfelt - Frivillig sektor skapar møteplassar for kunst og kulturoppleving og deltaking |
| Kulturinstitusjonane i Sogn og Fjordane har gode ramevilkår | <p>Skape regionale møteplassar for kulturinstitusjonane der formidling, samhandling og kompetanseheving er i fokus.</p> <p>Sikre eit variert og dekkande tilbod av kulturinstitusjonar på regionalt nivå i fylket gjennom satsing på kulturelle kraftsenter og stimulering til oppretting av regionale strukturar der dette manglar i dag.</p> <p>Fylkeskommunen jobbar for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> - kulturinstitusjonane tek ansvar for «Kunst i offentleg rom» innan deira fagfelt. - Kulturinstitusjonane arbeider aktivt med publikumsutvikling og rolla som besøksmål. |
| Samarbeide med og støtte opp om regionale bransjetiltak som nettverk og kompetanseorgan på kunstfeltet. | <p>Økonomisk støtte regionale bransjetiltak som nettverk og kompetanseorgan. Dette gjeld Vestnorsk filmsenter inkl. Vestnorsk filmkommissjon, BRAK, Vestnorsk jazzsenter og VISP.</p> <p>Støtte opp om verkemiddel og eit apparat for utvikling av kulturnæringar i fylket.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - PreForm - Vestnorsk filmsenter og Vestnorsk filmkommissjon <p>Kommersielle arrangørar gir eit variert og utfyllande kulturtilbod til innbyggjarane i fylket.</p> <p>Det skal stimulerast til å etablere fleire ulike scener for ulike kulturuttrykk i fylket.</p> <p>Private aktørar bidreg til utvikling av kulturtilbodet i Sogn og Fjordane i samarbeid med offentleg sektor.</p> |

| Visuell kunst og kunsthåndverk | |
|--|---|
| Styrkje rammevilkåra for kunstnarane i Sogn og Fjordane | Vidareutvikle fylkeskommunale stipendordningar. |
| | Stimulere til at aktørane nyttar statlege stipendordningar. |
| | Stimulere til deltaking frå feltet på Innovasjon Norge sine kompetansehevande tiltak for kulturnæringane |
| | Støtte tiltak i kommunane for å bygge ut produksjons- og utstillingslokale og kunstnarbustader. |
| | Støtte vidare utvikling av PreForm, Kunstbygda Balestrand med fleire. |
| Gjere kjent og nytte Kunst i Offentlege Rom (KORO) ved all offentleg og privat utbygging av det offentlege rom. | Gjennomføre miniseminar om KORO og kopling til kommunal planlegging. |
| | Presentere MiSF sitt ansvar/arbeid i høve utsmykking og kunstnarsenterfunksjonen. |
| Stimulere kunstformidlinga i fylket gjennom nettverk og fagmiljø på tvers av kommunane | Gjennomføre nettverkssamling for kunstlaga, og miniseminar. Tiltak: |
| | <ul style="list-style-type: none"> - Inkubatorordningar - Produksjonslokale - Utstillingslokale - Kunstnarbustader - Stipendordningar - styrkje kunstlaga |
| | Styrke den kunstfaglege kompetansen i fylkeskommunen gjennom tilsetting av rådgjevar kunst og kultur. |
| Musikk | |
| Byggje vidare på folkemusikktradisjonen i fylket | Sikre at folkemusikkstillingar vert integrert i distriktsmusikarordninga |
| Få til varierte opplæringstilbod innan ulike musikksgangrar | Det fylkesdekkande tilbodet om vidaregåande opplæring i musikk, dans og drama ved Firda VGs. vert vidareført i nytt fylke. |
| | Utvikle samarbeidet mellom kulturskulane og dei fylkesdekkande opplæringstilboda innan musikk, dans og drama |
| | Distriktsmusikarordninga vert vidareført. |
| Sikre profesjonelle musikktilbod i fylket | Sikre Sogn og Fjordane symfoniorkester økonomisk handlingsrom |
| | Legge til rette for jamlege besøk av større profesjonelle orkester og utøvarar |
| Arbeide for kommunale og regionale tilskotsordningar for skaparar og utøvarar av musikk, arrangement og festivalar | Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Kunstnarstipend - Kulturprisar - Arbeidsstipend og hospitantordningar - Vurdere ordninga artists in residence |

| | |
|---|--|
| Sikre gode rammevilkår for eit variert festivaltilbod i fylket | Fylkeskommunalt tilskot til eit variert utval av festivalar med regional innretning. |
| Oppretthalde festivalstrategiordninga regionalt, og arbeide for 5-årige og 3-årige avtalar med Norsk kulturråd. | Avklare vidare framdrift med 3 og 5-årige avtalar med Norsk kulturråd. |
| Scenekunst | |
| Styrkje og utvikle scenekunstinstitusjonar som Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Teaterfestivalen i Fjaler som produserande og formidlande institusjonar. | Tiltak: - Sikre Opera Nordfjord som distriktsopera i det nye fylket. - Støtte opp om SoFT sin ambisjon om å vere turneteater for heile Vestland. |
| Arbeide for varierte teater- og dansetilbod i heile fylket | Tiltak: - Stimulere til etablering av frie teatergrupper og festivalar - Støtte opp om Teaterfestivalen i Dale - Stimulere til varierte teater og dansetilbod for born og unge - Legge til rette for godt samarbeid mellom profesjonelle og amatørar |
| Vidareføre satsinga på Dans utan grenser | Ny driftsavtale med kommunane vert implementert. Dans utan grenser vert eit tiltak i Vestland fylkeskommune |
| Oppretthalde eit godt utdanningstilbod innan musikk, dans og drama, og stimulere til samarbeid mellom kulturskular, andre kulturaktørar og vidaregåande opplæring innan estetiske fag | Det vert arbeidd for å styrke samarbeidet mellom Firda VGs og teatermiljøa i fylket, og mellom Firda VGs og kulturskulane, DKS og UKM. |
| Kino, film | |
| Styrkje vilkåra for å produsere film i fylket | Vidareføre og auke satsinga på Vestnorsk filmsenter og filmfondet Zefyr Gi stipend og utviklingsmidlar til å bygge opp relevante filmmiljø i fylket |
| Stimulere produksjon av ungdomsfilm gjennom vidaregåande opplæring | Støtte opp om ungdomsfilmfestivalar i fylket |
| Samarbeide om å utvikle Sogn og Fjordane som lokasjon for filminnspeling. | Stimulere til etablering av mottaksmiljø for filminnspeling t.d. gjennom reiseliv eller destinasjonsselskap i fylket. |
| Litteratur | |
| Initiere litteraturformidlingstiltak i samarbeid mellom offentlig og privat sektor. | Støtte Rom for ord og Bokbyen Fjærland |
| Vidareutvikle Jakob Sande-tunet som formidlingsarena og forfattarbustad | Følgje opp forprosjekt m/Jakob Sande selskapet |

Kulturelle kraftsenter

| | |
|----------------|--------------------|
| Satsing | Tiltak 2019 |
|----------------|--------------------|

| | |
|---|---|
| Vidareutvikle og synleggjere kraftsentra som kunnskapsspreiarar og inspiratorar | <p>Kultur og helse som kraftsenter. Kultur skal vere ein naturleg og sjølvsgagt del hos menneske uansett livsfase.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeide for at kultur og helse er eit sjølvsgagt fagområde innan kultursektor - Spreiing av kultur og helseprosjekt, internasjonalt kor, seniorkor - Kultur og helsesatsinga vert tatt vidare med inn i Vestland fylkeskommune <p>Dans utan grenser vert vidareført i Vestland fylkeskommune</p> |
| Greie ut kva verkemiddel som kan takast i bruk i arbeidet for etablering og vidareutvikling av kulturelle kraftsenter/fyrtårn | Nynorsk som kulturelt kraftsenter. Vurdere tiltak. |

Tidleg engasjement

| Satsing | Tiltak 2019 |
|---|---|
| Generelt | |
| Etablere ordningar som sikrar at barn og unge får høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn (økonomiske, sosiale og praktiske verkemiddel) | <p>Sikre oppslutninga om, og vidareutvikle UKM, som eit innsatsområde i kommunane og fylket</p> <p>Kulturfestivalen for menneske med utviklingshemming vert vidareført. Arbeide for å utvide tilbodet til born under 16 inn i festivalen.</p> <p>Born og unge skal tidleg kunne delta i å skape fellesskap og delta i demokratiske organisasjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kulturtilbod til born, satse på tiltak med låg inngangsbillett, som: <ul style="list-style-type: none"> - Barnas verdsdagar - Fiskesprell - Friluftsmoro - Sommaridrettsskule |
| Sikre eit variert tilbod om opplæring innan ulike kulturuttrykk for barn og unge. | <p>Satsinga på Dans utan grenser / Danseverkstadar vert oppretthaldne</p> <p>Stønad til frivillige lag og organisasjonar innan kunstfeltet med aktivitet for born og unge vert oppretthaldt</p> <p>Elevar i vidaregåande skule skal kunne kombinere skule og idrett på høgt nivå ved å halde fram dagens tilbod om idrettslinjer på vidaregåande skule.</p> |
| Leggje til rette for å hjelpe fram unge talent | Utvikle Ung Kultur Møtest i kommunane |
| Inkludere barn og unge i planleggingsprosessar. | Teikn ditt skuleområde skal vidareførast i alle kommunar i fylket. |

| | |
|--|--|
| | Kunnskapsgrunnlag om born og unge sin kulturbruk skal utarbeidast for alle planar og utviklingsarbeid for målgruppa. |
| Deltaking / demokrati | Stimulere til mangfald i demokratiske prosessar. skape engasjement i politiske strukturar gjennom etablering/satsing på: 1. Ungdomsråd, ungdomens kommunestyre 2. Etablere innvandrarråd 3. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 4. Råd for eldre |
| Kulturskulane | |
| Styrkje fylkeskommunen si rolle overfor kulturskulane (følgje opp nasjonal avtale om tettare samarbeid mellom kulturskulane, UKM og DKS på regionalt nivå | Arrangere konferansen Felles barn, felles ansvar |
| Arbeide for at hybelbuarar i vidaregåande opplæring får kulturskuletilbod på skulestaden | Kulturseksjonen tek initiativ ovanfor opplæring og kommunane om ordning for kulturskuletilbod for VGs elevar som går på VGs andre stadar enn i bustadkommune. |
| Kulturformidling til barn og unge, DKS | |
| Samarbeide med Hordaland fylkeskommune om oppretting av fagråd for DKS . | Møter med HFK om utforming av DKS Vestland. |
| Auke elevmedverknad i alle ledd i DKS, frå produksjon og utveljing til gjennomføring og evaluering, og delta i 3-årig prosjekt i regi av Kulturtanken om elevmedverknad i DKS, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune | Sogn og Fjordane og Hordaland har felles prosjekt om elevmedverknad i regi av Kulturtanken. Elevgrupper frå UPU i SFFK Og UFU i HFK er med i prosjektet. |
| Ha eit tett samarbeid med biblioteka, festivalar og andre tilbod i kommunane om turneane i DKS. | Arrangere konferansen «Felles barn, felles ansvar» |
| Etablere eit forpliktande arbeid i høve nye nynorskproduksjonar for DKS. | Gjennomføre sonderingsmøte med aktuelle partar. Etablere intensjonsavtaler mellom produsentar/produksjonsmiljø og formidlarar. |
| Stimulere til utvikling av kunst- og kulturprogram for barn i barnehage, og bidra til språkleg tryggleik | Gjennomføre sonderingsmøte med aktuelle partar. Etablere intensjonsavtaler mellom produsentar/produksjonsmiljø og kommunar. |
| Ung Kultur Møtest (UKM) | |
| Vidareutvikle UKM som arrangement for ungdom i alderen (10) 13-20 i alle kommunane og på fylkesnivå. | UKM skal vere eit relevant, årleg arrangement for ung kultur i Sogn og Fjordane med arrangement i alle kommunar og på fylkesnivå. - Sikre oppslutninga om, og vidareutvikle UKM, som eit innsatsområde i kommunane og fylket - Stimuleringsmidlar til kommunale utviklingstiltak - Møteplassfunksjonen skal styrkast både på lokalmønstring og fylkesfestivalen - Fylkesfestivalen skal tilby eit heilskapleg arrangement med tilbod om opplæring, nettverk og ein profesjonell visningsarena for alle kulturuttrykk |

| | |
|---|---|
| Sikre fagleg oppdatering av kommunane gjennom nettverksarbeid og årleg fagsamling om ungdom | Årleg samling. Vurdere samarbeid med Hordaland i 2019 |
| Utvikle UKM som møteplass for ungdom med ungdomsmedverknad i planlegging og gjennomføring. | Arbeide for at ungdom deltek i planlegging og gjennomføring i alle ledd i arrangementet Vidareføre ressursgruppe med ungdom knytt til fylkesfestivalen |
| Vidareføre ordninga med ein UKM-strategi i Vestland fylkeskommune | Ordning for Vestland fylkeskommune er etablert |

Mangfald og fellesskap

| Satsing | Tiltak 2019 |
|--|---|
| Kultur og helse | |
| Sjå kultur- og helseperspektivet i planprosessar i sterkare grad | Fylkeskommunen skal aktivt bidra i planprosessane slik som t.d. ved revisjonsmøter kommunal plan fysisk aktivitet og forankre perspektivet på leiarnivå i kommunane, fylkeskommunen og statleg regionalt nivå. |
| Skape rammer for kultursatsing i helse- og omsorgssektoren | Gjennom satsingar som: <ul style="list-style-type: none"> - Polyfon - Musikkterapi i kommunane - Kunst og kulturtilbod på institusjonane - Bruke frivillig sektor sitt tilbod i helsetilbodet Den kulturelle spaserstokken har tilbod i alle kommunar |
| Inkludering | |
| Utarbeide planar for inkludering i kommunane og fylkeskommunen | Arbeide tverrfagleg/tverretatleg i off. sektor for å forhindre utanforskap. <ul style="list-style-type: none"> - Fritida skal bli tatt med tidleg i ansvarsgrupper og koordinerande - Styrke samhandling mellom frivillig sektor og kommunane |
| Opprette nettverk for kommunane og frivillig sektor med tema inkludering | Ta initiativ ovanfor kommunane Tema: minoritetsspråklege, menneske med nedsett funksjonsevne, på tvers av generasjonane |
| Vidareføre Kulturfestivalen for menneske med utviklingshemming, arbeide for å utvide tilbodet til barn under 16 i festivalen | Utvide tilbodet til aldersgruppa i 2019 |
| Kartleggje kultursektoren sine verktøy for å kunne medverke til integrering av minoritetsspråklege innbyggjarar | Styrkje samarbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane og frivillig sektor om tiltak som fremjar inkludering. <ul style="list-style-type: none"> - Opne møteplassar - Tiltak på tvers, inkludering, folkehelse og fysisk aktivitet |
| Universell utforming | |

| | |
|---|---|
| Arbeide for at tilgjenge for alle og universell utforming vert eit gjennomgåande perspektiv i alt arbeid med kunst og kultur, i tilbod, aktivitetar, utemiljø og bygg | Styrke fokus på universell utforming av anlegg og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne <ul style="list-style-type: none"> - Søkje om tilskot frå Kartverket til kartleggingar - Kartlegge tilgjenge for tilkomst til skyteanlegg - Kartlegge universell utforming på idrettshallar og symjebasseng etablert før 1985 |
| | <ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp tidlegare kartleggingar av sentrumsnære turveggar. - utvikle eit konsept for å etablere ein universelt utforma turveg i alle kommunar (fellesprosjekt i nye Vestland fylkeskommune) |
| | Etablering av lavterskel-anlegg og tiltak for å betre aktivitets-tilbod for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre gjennom å rådgje kommunar og eldreråd om moglegeheitene for å etablere slike lavterskelanlegg. |
| Gjennomføre årleg konferanse med tema universell utforming | Vurdere tema i alle konferansar som vert arrangert |
| Syte for særleg tilrettelegging for utvalde grupper | <ul style="list-style-type: none"> - følgjekort for menneske med nedsett funksjonsevne, vilkår for tilskot - kultur- og aktivitetskort for særlege grupper - kartlegge transportordningar |
| Styrkje fokus på universell utforming av anlegg og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne | Kartleggje tilgjenge for tilkomst til skyteanlegg, kartleggje universell utforming på idrettshallar og symjebasseng etablert før 1985 |
| | Leggje til rette for bruk og utvikling av sentrumsnære turveggar |
| | Gjennomføre grenselause idrettsdagar |
| Auke satsinga på sentrumsnære turveggar | Utvikle eit konsept for å etablere ein universelt utforma turveg i alle kommunar og ta dette inn som fellesprosjekt i nye Vestland fylkeskommune |
| Lokalsamfunna har møteplassar som gir rom for variert aktivitet og mangfald. | Fylkeskommunen støttar opne kultur og idrettsanlegg Dette gjeld kulturhus og kulturbygg, anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Møteplassane skal vere utforma for ulike typar rørslehemming og syn og hørsel, t.d. teleslynge. Følgjekort for funksjonshemma er vilkår for støtte frå fylkeskommunen. Transportordningar skal vere eit tilbod |

| | |
|--|--|
| <p>Sosial utjamning med deltaking for alle</p> | <p>Målet er å skaffe kunnskap, gode døme, samarbeid og samordning av ulike aktørar, oversikt over ulike tiltak i fylket.</p> <p>Tiltak:</p> <p>Årlege samlingar om tema</p> <ul style="list-style-type: none"> - inkludering, - UU, - utanforskap, - mangfald, inkludering - deltaking; <ul style="list-style-type: none"> o korleis kan vi best mogeleg sikre sosial utjamning med deltaking for alle? o Kva tiltak kan betre sosial utjamning? <p>Økonomiske insitament</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utstyr, låne personleg utstyr, aktivitetsutstyr, idrett, musikk, - Låg kostnad for deltaking <ul style="list-style-type: none"> - Gratis billetter - Følgjekortordning - Sponsa deltaking i lag og org, ikkje synlege tiltak <p>Organisatoriske verkemiddel</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fritidsaktiviteter lagt i tilknytning til skuledagen for å sikre breiare deltaking - Etablere møteplass der ein koordinerer innsatsen ml. ulike aktivitetar t.d. aktivitet fordelt på ulike dagar. |
|--|--|